# Beredskapsplan for muleg utbrot av pandemi

## - Årdal kommune -

## Vurderingar og tiltak knytt til ulike tenesteområde

## INNHOLD

1 Generelt ... 3
1.1 Innleiing ... 3
1.2 Omfordling av ressursar mellom tenesteområde ... 3
1.3 Informasjon – målgrupper, behov og kanalar ... 3
2 Kommuneleiing ... 4
3 Barnehagar, SFO og skular ... 5
3.1 Barnehagar ... 5
3.2 Farnes skule og sfo ... 6
3.3 Tangen skule og sfo ... 7
4 Helse, pleie og omsorg ... 8
4.1 Legetenesta ... 8
4.2 Eldreomsorg ... 9
4.3 Spesialomsorg ... 13
5 Sosialtenesta ... 15
6 Tekniske tenester ... 16
6.1 Døme: ARBEIDSPLAN FOR TEKNISKE TENESTER SOMMAREN 2009 ... 17
7 Støttefunksjonar ... 18
7.1 IKT ... 18
7.2 Økonomi ... 18
7.3 Sentralbord, tenestetorg, arkiv og postbil ... 19
7.4 Personalstab ... 20
8 Tenester som kan prioriterast ned ... 20

# 1 Generelt

## 1.1 Innleiing

Det må gjennomførast ein meir omfattande og generell planlegging basert på det scenario pandemien skisserer – ein pandemi som strekker seg over 15 veker med sin mest intensive periode etter 7-8 veker med fråvær opp til 40%. Primæroppgåva vert å redusere stopp i produksjonen og å finne løysingar for korleis drifta kan haldast oppe på eit akseptabelt nivå uavhengig av kva hending som måtte skje.

Det vil i fyrste rekke dreie seg om å bli i stand til å handtere fråvær av personale og sviktande leveransar frå andre.

Det må gjerast eit nøyare arbeid for å kartlegge utfordringane, analysere, minimere og prioritere mellom dei samt vurder tiltak.

I det følgjande er det gjort nokre grunnleggande vurderingar knytt til stoda og dei tiltak som kan setjast i verk.

Årdal energi er straumleverandør i kommunen. Dei utarbeider eigen pandemiplan.

## 1.2 Omfordling av ressursar mellom tenesteområde

Innafor den kommunale organisasjonen er det nokre tenester innbyggarane våre er heilt avhengige av, andre dei ikkje er avhengige av. Dette gjev rom for å flytte personale frå oppgåver av mindre viktig karakter over til andre område i organisasjonen. Eit døme kan vere innafor tekniske tenester: Dei har personale med ansvar for parkar, grøntanelgg, vegar m.m. som vil kunne flyttast over på andre funksjonar dersom det skulle vere trong for det. Eit anna døme kan vere PPT-tenesta. Dette er ikkje ei avgjerande viktig teneste som må oppretthaldast til ei kvar tid. Personale kan då setjast inn annan stad i organisasjonen t.d. i skular eller barnehagar.

Det er særleg innafor omsorg og helse me finn tenester som innbyggarane er absolutt avhengig av vert oppretthaldne til ei kvar tid.

Dette gjeld også tenester knytt til den grunnleggande infrastrukturen i høve straum, vatn, renovasjon m.m.

## 1.3 Informasjon – målgrupper, behov og kanalar

| | |
|---|---|
| Kven? | Innbyggarane våre, særskilte målgrupper her |
| Kva? | Sjukdomsstatus og verknader for aktuelle tenester |
| Korleis? | Heimeside, media m.m. |

Etablere ei eiga Pandemiside knytt til heimesida til kommunen
Har eiga beredskapsside
Kontaktinforamsjon i kommunen sin beredskapsplan

# 2 Kommuneleiing

| Nøkkelfunksjon | Vara | Merknad |
|---|---|---|
| **Kriseleiing:**<br>1. Ordførar<br>2. Rådmann<br>3. Kommunalsjef med ansvar for helsetenester<br>4. Kommunalsjef med ansvar for informasjon<br>5. Brannsjef/tekniske tenester | 1. Varaordførar<br>2. Kommunalsjef med ansvar for økonomi og personal<br>3. Kommunalsjef med ansvar for eldreomsorg<br>4. Leiar kontorstøtte<br>5. Overbefal | Varaordførar må frigjerast frå arbeid<br><br>Kontorleiarar ved legekontor får utvida fullmakter |
| **Leiar av tenesteeiningar:**<br>Leiar av eldreomsorg<br>Leiar av spesialomsorg<br>Rektorar<br>Barnehagestyrarar<br>Legekontor<br>Smittevern<br>Tekniske tenester | <br>Avdelingsleiarar<br>Stadfortredar i tenesta<br>Inspektørar<br>Avdelingsleiarar<br>Kontorleiarar<br>Lege med ansvar for akuttberedskap<br>Avdelingsleiarar | |
| **Sekretærfunksjon kriseleiing** | Personell frå kontorstøtte | |

# 3 Barnehagar, SFO og skular

## 3.1 Barnehagar

| **Nøkkelfunksjonar:** | **Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ?** | **Behov for spesialkompetanse** | **Andre kritiske ressursar** | **Tiltak** |
|---|---|---|---|---|
| **Drift av barnehage** | Tal born over 3 år pr vaksen : 9<br><br>Tal born under 3 år pr. vaksen:  Tilnærma normalt (3) | Minimum 1 pedagog til stades | Reinhald<br>Straum, varme, telefon, sanitær | 1. Redusere opningstid frå 9 t 15 min til 7 t 30 min<br>2. Ikkje gje tilbod om matservering<br>3. Redusert pedagogisk aktivitet<br>4. Redusert reinhald til minimum (toalett, stellerom)<br>5. Hente inn personell frå andre tenester som kan reduserast<br>6. Kontakte foreldre som kan hjelpe til<br>7. Slå saman gruppe / avdelingar / barnehagar |

## 3.2 Farnes skule og sfo

| Nøkkelfunksjonar: | Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ? | Behov for spesialkompetanse | Andre kritiske ressursar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|
| **Undervisning 1. – 10. årstrinn** | 1 lærar pr årsstrinn (ca 20 stillingar) | Undervisningskompetanse | Reinhald<br>Lys, varme og sanitær | 1. Slå saman grupper<br>2. Prioritere dei yngste elevane<br>3. Avvikle symjeopplæring og undervisning som treng særskilt gruppedeling<br>4. Redusere undervisning i form av einetimar og undervisning i små grupper<br>5. Tilrettelegge undervisning i ”storgruppe”<br>6. Hente inn personell frå andre tenester som kan reduserast<br>7. Redusere reinhald til minimum å omfatte toalett og rom som vert nytta av dei yngste elevane og funksjonshemma elevar |
| **Skulefritidsordning** | 50 % av normal bemanning | | Reinhald<br>Lys, varme og sanitær | 1. Slå saman avdelingar<br>2. Redusere på aktivitetstilbod |
| **Vaksenopplæring** | 2 – 3 tilsette (50 %) | Undervisningskompetanse | Reinhald<br>Lys, varme og sanitær | 1. Slå saman grupper<br>2. Endre undervisningsopplegg / dagprogram<br>3. Samarbeide med personalet i bustad |

## 3.3 Tangen skule og sfo

| **Nøkkelfunksjonar:** | **Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ?** | **Behov for spesialkompetanse** | **Andre kritiske ressursar** | **Tiltak** |
|---|---|---|---|---|
| **Undervisning 1. – 10. årstrinn** | 1 lærar pr. årstrinn (ca 13 stillingar) | Undervisningskompetanse | Reinhald<br>Lys, varme og sanitær | 1. Slå saman grupper<br>2. Prioritere dei yngste elevane<br>3. Avvikle symjeopplæring og undervisning som treng særskilt gruppedeling<br>4. Redusere undervisning i form av einetimar og undervisning i små grupper<br>5. Tilrettelegge undervisning i ”storgruppe”<br>6. Hente inn personell frå andre tenester der aktivitet kan reduserast<br>7. Redusere reinhald til minimum å omfatte toalett og rom som vert nytta av dei yngste elevane og funksjonshemma elevar |
| **Skulefritidsordning** | 50 % av normal bemanning | | Reinhald<br>Lys, varme og sanitær | 1. Slå saman avdelingar<br>2. Redusere på aktivitetstilbod |

# 4 Helse, pleie og omsorg

## 4.1 Legetenesta

| Nøkkelfunksjonar: | Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ? | Behov for spesialkompetanse | Andre kritiske ressursar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|
| **Legeteneste** | 2 - 3 legar | Legar | IKT<br>Reinhald<br>Straum | 1. Slå saman legekontor<br>2. Utsetje legetimar som kan vente<br>3. Hente inn vikarlegar |
| **Legevakt** | 2 - 3legar<br>Minimum 2 (3)- delt legevakt i ein periode på 15veker | Legar | IKT<br>Reinhald<br>Straum<br>Ambulanse | 1. Slå saman legekontor<br>2. Hente inn vikarlegar<br>3. Interkommunal legevakt |
| **Laboratorietenester og skiftestove** | Minimum 1 (2) tilsette | Helsesekretærar<br>Sjukepleiarar | IKT<br>Reinhald<br>Straum | 1. Slå saman legekontor<br>2. Utsetje prøver som kan vente<br>3. Redusere tal prøver / tinging frå lege |
| **Pasientmottak** | 2 tilsette | Helsesekretærar<br>Anna helsepersonell<br>Kontorpersonell | IKT | 1. Utsetje arbeid / aktivitetar som kan vente<br>2. Hente inn ”reservearbeidskraft” frå tenester der aktiviteten kan reduserast |

## 4.2 Eldreomsorg

Generelt som eit utgangspunkt

1. Informasjon til pasientar og pårørande – diskutere korleis gjennomføre naudsynt hjelp / kven som skal utføre kva / kva som må ligge til situasjonen stabiliserer seg.
2. Dersom problem med telenett; brukarar med tryggleiksalarm får store vanskar / får ikkje gjeve beskjed dersom dei treng akutt hjelp… Har ikkje løysing på dette. Me kan <u>ikkje føreta regelemssige tilsyn</u> til alle som har t-alarm dersom nettet er ute.
3. Knallharde prioriteringar, døme:

- På sjukeheimane må dei fleste pasientane ligge heile dagen.
- Både i institusjonane og i heimesjukepleia vert tilbod om bad/dusj redusert til eit minimum (og får berre tilbod dersom ein kan relatere dette til fare for sår/sjukdom).
- Pasientane får berre heilt naudsynt hjelp til personleg hygiene og ernæring. Be pårørande om hjelp i samband med måltid (både lage, servere og evt. mate).
- Ein må vurdere om ein skal be Norsk Folkehjelp/Røde Kors evt. andre om hjelp til å handle til pasientar som ikkje klarar dette sjølv (og som ikkje har pårørande som kan hjelp).

| **Nøkkelfunksjonar:** | **Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ?** | **Behov for spesialkompetanse** | **Andre kritiske ressursar** | **Tiltak** |
|---|---|---|---|---|
| **Adm. leiing** | | ( me er tre sjukepleiarar samt ein sosionom m/hj.pl. kompetanse) | IKT | Dersom dataressursar manglar – skrive notat og liknande på papir som, når ein er attende i normalt gjenge, vert reg. på t.d. ACOS dersom naudsynt.<br>Må elles pårekne å vere ute i pasientretta arbeid medan pandemien pågår og syner såleis til pkt. ”sjukepleiar” . |
| **Avdelingssjukepleiar** | | Ja. Off. godkj. spl. | IKT | Dersom dataressursar manglar – skrive notat og liknande på papir som, når ein er attende i normalt gjenge, vert reg. på t.d. Gerica og ACOS dersom naudsynt. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | | Må elles pårekne å vere ute i pasientretta arbeid medan pandemien pågår og syner såleis til pkt. "sjukepleiar" |
| **Sjukepleiar** | Usikkert, men ikkje mindre enn 40% (inkl. alle vakansar) då me driv døgnkontinuerleg drift. | Ja. Off. godkj. spl. | Medisinhandtering<br>IKT<br>Reinhald<br>Ernæring | bestille ekstra medisin frå apotek<br>heimespl. må fylle i dosettar for mange veker om gangen.<br>bestille ekstra medisinsk utstyr<br><br>Rapportere på godkjend kardex (papir versjon). Kjøpe inn?<br><br>Personalet må evt. vaske sjølve der det er absolutt naudsynt jamfør fare for sjukdom, liv og helse.<br><br>Enklare matlaging dersom t.d prod.kjøkkenet ikkje klarer å oppretthalde matombringinga. Anbefale pasientar/pårørande å kjøpe inn"Fjordland" eller liknande ferdigmat? |
| **Hjelpepleiar** | Usikkert, men ikkje mindre enn 40% (inkl. alle vakansar) då me driv døgnkontinuerleg drift. | Ja. Off. godkj. hj.pl. Kan nytte ufaglærte i enkle pleie oppgåver. | IKT<br>Reinhald<br>Ernæring | Syner til pkt. "sjukepleiar" |
| **Kjøkkensjef** | | Ja | | Må ut i produksjonen |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Produksjonskjøkkenet** | Usikkert, men ikkje mindre enn 40% (inkl. alle vakansar) då me driftar prod.kjøkkenet dag/kveld og helg. | Nei | innkjøp av naudsynte råvarer<br>transport av naudsynte råvarer av<br>straum/vassforsyning | Det kan verte eit STORT problem med mat til både institusjonane og heimebuande dersom låg produksjon ved produksjonskjøkkenet.<br>Vurdere å kjøpe inn store parti med ”Fjordland” eller liknande ferdigmat?<br><br>Avhengig av forhold utanfor oss.<br><br>Avhengig av forhold utanfor oss. |
| **Heimehjelp** | Usikkert, men ikkje mindre enn 40% (inkl. alle vakansar)Me har over 200 brukarar! | | Reinhald<br>Ernæring | Syner til pkt. ”sjukepleiar” |
| **Elles:** | | | Reinhaldspersonale på sjukeheimane, AD og Åbo. | Spes. MRSA er avhenging av spesielle reingjeringsmiddel.<br>Reinhaldsgruppa må bestille inn nok utstyr.<br>Det må bestillast inn – og hengast opp sprit dispensarar i alle avdelingar /og inn-utgangsdører. |

| TENESTE: Eldreomsorg | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Trong for nye sengeplassar jamfør Helsedirektoratet ”Influensa A (H1N1) – pandemi fase 6. Datert 29.07.09.** | **Tal plassar som maksimalt kan ”setjast av” til behandlingstrengande / tidleg utskriving frå spesialhelsetenesta:** | **Behov for spesialkompetanse:** | **Andre kritiske ressursar:** | **Tiltak:** |
| - Befolkning: ca 5600.<br>- Tal sjuke gjennom pandemien: ca 1680.<br>- Nye innleggingar: 17<br>(kjelde; pandemikalkulator.no).<br>- Tal utskrivingar frå sj.hus er usikkert.<br><br>(Tal senger heildøgns pleie- og omsorg pr. i dag = 93). | Årdal sj.heim: 6-8<br>6-8 plassar x 14 veker=<br>Totalt 84-112 veker<br>(588-784 døgn).<br><br>Utgangspkt.:<br>25 personar har trong for korttidsopph. /vert utskriven frå sj.hus i løpet av 14 veker.<br>Kvar treng 3 veker opphald.<br>25 personar x 3 veker =<br>**Totalt 75 veker (525 døgn)** | Ja. Off. godkj. spl.<br>Ein må omdisponere ressursane slik at spl. til ei kvar tid har ansvar for all avansert behandling Døme: intravenøs (i.v.) væske og antibiotika behandling. | 1. Medisinhandtering<br>2. IKT.<br>3. Reinhald.<br>4. Ernæring. | 1. ”Skjerpa avdeling” som ligg i tilknytning til, men fysisk adskild frå, MRSA avd. kan aukast opp med ekstra seng på kvart rom (sovealkove).<br>- Få tak i 4 ekstra senger.<br>- Bestille i.v. utstyr. |

## 4.3 Spesialomsorg

| **Nøkkelfunksjonar:** | **Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ?** | **Behov for spesialkompetanse** | **Andre kritiske ressursar** | **Tiltak** |
|---|---|---|---|---|
| **Arbeids og treningssenter** | Tenesta har to tilsette og kan i verste fall klare seg med 1 ved å redusere brukarmassen.<br>ATS kan midlertidig stengast ved krise og brukarane må få tilbod i bustaden sin. | Dersom ein skal gjennomføre aktivitetane som ein til dagleg har på ATS er ein avhengig av personar som har opplæring knytt til dette samt som kjenner brukarane. Pr. i dag har vi få slike personar i systemet. | | Dersom ATS må stengast grunna sjukdom er det ein brukar vi må ordne anna bemanning/avlastning kvar dag. I tillegg er det ein anna brukar vi må ha bemanning til to dagar i veka. |
| **Verna bustad** | I verna bustad er det lagt opp til bemanning i høve antal brukarar samt kva type brukarar vi har og om dei f.eks har vedtak på bruk av tvang.<br>Det er ikkje mogeleg å gå ned på denne bemanninga. | Det er i nokre bustader beho v for å ha miljøterapeutar. Dette er eit lovkrav vi har. Vi kan sjølvsagt søke om dispansasjon frå Fylkesmannen dersom dette er kortvarig og forbigåande.<br>Fleire av desse brukarane har behov for å ha personale dei er van med og som har opplæring på den enkelte. Det er vanskeleg å ta inn nye. | Vernepleiarane/sjukepleiar vi har i systemet har ansvar for medisintillaging for brukarar innan spesialomsorg. Dersom desse vert vekke har vi ingen til å utføre desse oppgåvene. | Medisinoppgåver må eventuelt tillagast hjå heimesjukepleien for å sikre at brukarane får dei medisinar dei skal.<br><br>Det er med nokre brukarar mogelegheit for å gjere avtalar med foreldre om å avlaste dersom det skulle oppstå krisesituasjonar. |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| **Psykiatritenesta** | Dagsenteret kan i krisesituasjonar drivast med lågare bemanning. Brukarar som bur knytt til dagsenteret vil få mindre tilsyn.<br>Ein kan også vurdere å stenge dagsenteret i periodar.<br><br>Bufellesskap psykiatri har bemanning på dag og ettermiddag. Nokre dagar har ein to på jobb for å følgje opp brukarar ute. Brukarane vil ikkje vere i stand til å vere åleine. | | Psykiatrisenteret har medisinansvar for mange av brukarane dei har oppfølging med og som nyttar dagsenteret. | Medisintillaging må leggast til heimesjukepleie.<br><br>Dersom dagsenteret skal stengast må ein sikre tilsyn til dei som bur knytt til senteret på ein anna måte.<br><br>Ein kan kutte bemanning dei dagane det er fleire på jobb. Dette vil berøre brukarane ute og dei vil ikkje få oppfølging.<br>Ein kan i nokre tilfeller gjere avtalar med foreldre om avlastning/tilsyn. |
| **Heimetenesta** | Vi har engasjert fleire personar som støttekontaktar/avlastarar<br><br>Vi har mottakarar av omsorgsløn som mottek dette som kompensasjon for stell/pleie/tilsyn av brukarar. Dersom desse vert sjuke kan det bety ei meirbelastning på andre kommunale tenester. | Dette kan vanskeleg overførast til andre da det krevst opplæring samt at vi ikkje har vikarar i slike tenester. | | Familiar som mottek avlastning får ikkje dette dersom avlastar vert sjuk.<br><br>Dette er da familiar som kan få eit auka behov for heimesjukepleie eller avlastning. |

# 5 Sosialtenesta

Me veit at me vil kunne handtere eit scenario som skissert, med da kun med behandling av dei basale tenester, såkalte **skal** ytingar.

| **Nøkkelfunksjonar:** | **Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ?** | **Behov for spesialkompetanse** | **Andre kritiske ressursar** | **Tiltak** |
|---|---|---|---|---|
| **Lov om sostialtenester kap 5** Særleg §§5-1,5-2 samt §4-5. Dette er såkalte skal tenester som må oppretthaldast. | 3 (inkl leiar) | | | Ved ein pandemi med bemanningsreduksjon som skissert vil kun dei nemnde tenester bli opprettholdt. Hovedsaken vil bli å gje folk mat og husvære, andre tenester vil bli prioritert vekk i perioden. |

# 6 Tekniske tenester

| **Nøkkelfunksjonar:** | **Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ?** | **Behov for spesialkompetanse** | **Andre kritiske ressursar** | **Tiltak** |
|---|---|---|---|---|
| **Vatn og avlaup**<br>3 Driftsopperatørar<br>5 med på vaktordning<br>1 sjåfør slam | 1 Driftsopperatør<br>1 tilgjengeleg handlangar pga HMT-krav for arbeid i kummar .<br>1 sjåfør slam* | Driftsopperatør<br>Opplæring<br><br>Sjåfør | Beredskapsplan vassforsyning<br>Reservedelar<br>Entreprenør ved vassbrudd<br>Straum | Bemanningsoversyn og bemannisngsplan |
| **Renovasjon**<br>2 Driftsopperatørar<br>2 sjåførar<br>1 sjåfør slagg<br>2 reserve sjåførar | 1 driftsopperatør<br>1 sjåfør renovbil<br>2 sidemenn<br>1 sjåfør Slaggtransport* | Driftsopperatør<br>Sjåfør | Reservedelar<br>Straum<br>Sunde Gjenvinning | Bemanningsoversyn og bemannisngsplan |
| **Kyrkjegardsgraving**<br>4 opplærde | 1 maskinførar | Maskinførar | Kyrkjeverge, melding og utstikking (Åtg) | Bemanningsoversyn og bemannisngsplan |
| **DV av bygg**<br>4 Driftsansvarlege<br>5 Fagarbeidarar | 2 driftsansvarlege | Opplæring | Reservedeler<br>Straum | |
| **Reinhald**<br>30 tilgjengelege | Prioriterte bygg | | | |
| **Beredskap**<br>3 overordna vakt<br>16 mannskap Årdalstangen<br>16 mannskap Øvre Årdal | 1 Overordna vakt<br>4 Mannskap Åtg<br>4 Mannskap ØÅ | Brannopplæring etter krav dimensjoneringsforskrifta.<br>Generell opplæring | Reservedeler<br>Vassforsyning | Overordna vakt og brannmeister vurderer mannskapsituasjonen fortløpande. Vurdere dreiande vaktordning |
| **Vegdrift**<br>4 sjåførar | 2 sjåførar<br>1 av desse slagg/slam** | sjåfør | Reservedeler | Bemanningsoversyn og bemannisngsplan |

Kolonne 2; absolutt minstebemanning. Tidsperspektivet er avgjerande.  Mannskap treng kvile. Elles opperer tekniske tenester med ein bemanningsplan for feriavviklinga der fråvret i feriperioden varierer rundt 50% (2 puljer).  Dvs 40% fråvær  er betre enn ein vanleg feriesituasjon.

## 6.1 Døme: ARBEIDSPLAN  FOR  TEKNISKE  TENESTER SOMMAREN 2009

| DATO | Veke 25 | Veke 26 | Veke 27 | Veke 28 | Veke 29 | Veke 30 | Veke 31 | Veke 32 | Veke 33 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| OPPDRAG | 15. – 21. JUNI | 22. – 28. JUNI | 29. – 05. JULI | 06. – 12. JULI | 13. – 19. JULI | 20. – 26. JULI | 27. – 02. AUG | 03. – 09. AUG | 10. – 16. AUG |
| VA | ALLE | ALLE | ME/ FRØ | ME/ FRØ | ME/ FRØ | OB | OB | OB | |
| VA reserve | | | | | | TØ | TØ | TØ | |
| Komm. tekn. vakt | MH/ ME | ME / ODD | ODD / FRØ | FRØ / SEJ | SEJ / AH | AH/ OB | OB/ TØ | TØ/ MH | MH/ ME |
| Ferie VA | | | OB/ TØ | OB/ TØ | OB/ TØ | ME FRØ | ME FRØ | ME FRØ | |
| Sjåfør bosbilen | AS/ IS | AS/ IS | AS | AS | AS | IS | IS | IS | IS |
| Sjåfør bosbilen reserve | | | TT | TT | TT | LAN | LAN | LAN | MØ |
| Renovatørar | IKS | IKS/ FV1 | FV1 | FV1 | FV1 | IKS/FV2 | IKS/FV2 | IKS/FV2 | |
| Renovatør reserve | | | | | | | | | |
| Geithus | AA/ MØ | MØ | MØ | MØ | MØ | AA | AA | AA | AA/MØ |
| Geithus reserve | | ODD | ODD | ODD | ODD | MH | MH | MH | |
| Verkstad | | ODD/ KC | ODD | ODD | ODD | MH | MH | MH | |
| FERIE RENOVASJON/ VERKSTAD | | AA/MH | AA/ MH KC/ IS IKS | AA/ MH KC/ IS IKS | AA/ MH KC/ IS IKS | MØ/ AS ODD KC | MØ/ AS ODD KC | MØ/ AS ODD | AS/ ODD |
| Fast køyring | OS | OS | SI | SI | SI | OS | OS | OS | OS |
| Fast køyring reserve | LAN | LAN | TT | TT | TT | LAN | LAN | LAN | LAN |
| Kyrkjegards gravar | IH | IH | IH | IH | IH | LAN | LAN | LAN | IH |
| Kyrkjegards gravar reserve | LAN | LAN | SI/ TT | SI/ TT | SI/ TT | OS | OS | OS | LAN |
| Slått | MS/ SI | MS/ SI | MS/ AKD | MS/ AKD | MS/ AKD | MS/ AKD | AKD | LAN | SI |
| FERIE UTEDRFT | | | LAN/ OS/ SM | LAN/ OS/ SM MBM | LAN/ OS SM/ MBM | SI/ TT IH/ MBM AVÅ/ SEJ | SI/ TT IH/ MS AVÅ SEJ | SI/ TT IH/ MS AVÅ AKD SEJ | MS/ AKD |
| | 25 | 26 | 27 | 28 | 29 | 30 | 31 | 32 | 33 |

# 7 Støttefunksjonar

## 7.1 IKT

| Nøkkelfunksjonar: | Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ? | Behov for spesialkompetanse | Andre kritiske ressursar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|
| **IKT løysing ÅLAV** | 1 | Ja | Medarbeidarar i ÅLAV<br>Agnitio<br>Fjordane IT | Samordne ressursar på tvers av ÅLAV -kommunane |
| **IKT løysing Årdal** | 1 | Ja | Agnitio driftspersonale<br>Fjordane IT | Leige inn frå Agnitio ved behov. Kan kanskje nytte driftspersonell frå dei andre kommunane. |

## 7.2 Økonomi

| Nøkkelfunksjonar: | Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ? | Behov for spesialkompetanse | Andre kritiske ressursar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|
| **Lønn,** pr. i dag 2 personar som kan avløyse kvar andre | Held med 1 person | Må kunne køyre løn | IKT – må ha data | Ingen |
| **Remittering** (betaling av fakturaer) – pr. i dag 3 stk. som kan gjere dette. | Held med 1 person | Må ha avtale med banken for tilstrekkeleg tal tilsette | IKT – må ha data | Må sørge for at nokon overordna har tilvisingsrettar, t.d. bør kommunalsjefane kunne tilvise på alle område og funksjonar i krisesituasjon. |

## 7.3 Sentralbord, tenestetorg, arkiv og postbil

| Nøkkelfunksjonar: | Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ? | Behov for spesialkompetanse | Andre kritiske ressursar | Tiltak |
|---|---|---|---|---|
| **Sentralbord** | 1 | Delvis, må kjenne til funksjonane for å sette over telefonar m.m. | IKT | Kun betjene sentralbordet og ikkje elles andre funksjonar i Tenestorget som ikkje er avgjerande for liv/helse. |
| **Arkiv** | 1 | Delvis, må ha kunnskap om handsaming av dokument som er sensitive/unnateke off. | | |
| **Skanning** | 1 | Ja, må ha kunne skanne faktura inn i systemet | IKT | Prioritere dei faktura som hastar. |

## 7.4 Personalstab

| **Nøkkelfunksjonar:** | **Kor lågt bemanningsnivå kan tenesta tåle ?** | **Behov for spesialkompetanse** | **Andre kritiske ressursar** | **Tiltak** |
|---|---|---|---|---|
| **Støttefunksjonar knytt opp mot personalarbeid i kommunen** | Av totalt 5 årsverk kan me greie å få unnagjort dei mest prekære arbeidsoppgåvene med 2 årsverk over ein 10 dagars periode.<br>Dette vil sjølsagt føre til ei opphoping av arbeidsoppgåver som kan ta lang tid å bli ajour med. | Nei | Lite sannsynleg at forsinkingar i personalarbeidet skal føre til fare for liv og helse. Men mangel på informasjon til lønskontoret kan føre til manglande rettingar og feil/mangelfull lønsutbetaling. Dette kan sjølvsagt få øknomiske konsekvensar for dei tilsette.<br>Forsinkingar på utsending av diverse refusjonskrav vil får øk.konsekvens for kommunen. | Me må prioritere dei oppgåvene som er mest prikære. Det gjeld mellom anna:<br>All korrespondande med lønningskontoret som gjeld lønsbilag; timelister, melding til løn om stillingsendring / lønsendring m.m<br>Fråverslister for å sikre refusjonar<br>Tilsetjingar for å sikra rekruttering og bemanningsbehov |

Innafor støttefunksjonane kan personale frigjerast for å hjelpe til andre stader der det er trong for det i ein pandemisituasjon.

# 8 Tenester som kan prioriterast ned

Kultur, PPT og deler av fysio- og ergoterapitenesta vert vurdert som ikkje kritiske.

Ved reduksjonar av desse tenestene må brukarar varslast.